

# FLATØYPOSTEN

SEPTEMBER 2022

## NYHEITER FRÅ BYGDA

Flatøy Bygdelag har fått heimeside

[www.flatoybygdelag.org](http://www.flatoybygdelag.org)

Her vil du finne informasjon om Flatøy Bygdelag, kven som sit i styret, kva som skjer i bygda og melde deg inn i bygdelaget om du ikkje allereie er medlem.

**FLATØY BYGDELAG**

Ei nettside om bygdelivet på Flatøy

## DUGNAD I BYGDA

Det vart bygga nye

benker i juni av både store og små.


Desse benkane er ikkje beisa, om nokon ynkjer å  
beisa ein benk eller to, kontakt styret for utstyr.



## HELSING FRÅ STYRET

Etter eit par rolege år ser vi fram til fleire kjekke aktivitetar i bygda i tida som kjem. I år kunne vi endeleg feire 17. mai saman på skuleplassen og juni vart det arrangert trivelig pensjonisttreff. Styret sett stor pris på at folk i bygda kjem saman for å skape gode opplevingar for kvarandre. Dette styrkar samhaldet og er ein fin måte å treffe nye og gamle Flatøyfolk. I denne utgåva av Flatøyposten kan du lese om fleire aktivitetar som er planlagt for hausten. Vi gledar oss veldig og kanskje kjem det endå fleire aktivitar fram mot jul?

## KOMMANDE ARRANGEMENTER



© Colorpix.be

## HØSTFEST 22.OKTOBER.

Det vil bli arrangert høstfest på Flatøy Skule.

Ta med deg det du vil ha i glasset.

Det vil bli servert snacks og noko enkel mat.

KUN 60 plasser!

Følg med for informasjon om påmelding på nettsida til Flatøy Bygdelag, Facebook og oppslag på postkasser.

Ynkjer du å ta del i fest-kommitten kontakt oss på  
e-post: flatoybygdelag@outlook.com

## FAMILIEGØY PÅ HÅØYA 25/9

Ta med heile familien for ein kjekk  
søndag på Håøy.

Det vil bli rebusløp og grilling om været tillet det.

Ta med deg eiga mat og drikke.

Skattejakt for stor og små.

Aktivitet på Håøy kl: 12-14

Ingen påmelding nødvendig.



## INFO FRÅ STYRET

### Årsmøtet 2022

Frå årsmøtet i Mars 2022 vedtok styret å lage eit utval på to styremedlemmer og to medlemmer: Mandatet er å utrede avhending av barnehagebygget. Dette handlar om kva vi ynkjer å gjere videre med bygget. Frå styret: Steinar Hansen og Vibecke Samuelsen. Frå Medlemanne våre er det Fredrik Lingjerde og Tonny Dale.

## LEIGE AV FLATØY SKULE, BARNEHAGEBYGGET OG SKULEPLASSEN

Ein kan leige skulen, barnehagen og skuleplassen og få reduserte priser når ein er medlem av Flatøy Bygdelag. Ynkjer du å leige er det å ta kontakt med vår utelege ansvarlig Ole Christian Dale eller nokon andre i styret.



### Kontaktinformasjon for Flatøy Bygdelag

e-post: flatoybygdelag@outlook.com

**Leiar:** Anne Charlotte Johannesen 40891698

**Nest leiar:** Alise Bruvik Sudmann 99536221

**Kasserar:** Svein Magne Krossne 93096961

**Skrivar:** Karina Flatøy 46413895

#### Styremedlem:

Ole-Christian Dale 40395404

Steinar Hansen 90561206

Jeanette Flatøy 99353848

#### Varamedlem:

Vibecke Samuelsen 99502911

Ingeborg Vangdal 41513527

Roar Sudmann 91175841

**Utleigearansvarleg:** Ole-Christian Dale

## AREALPLAN INNSPEL 15/9



**ALVER**  
KOMMUNE

Styret i Flatøy Bygdelag leverer innspel til ny arealplan i Alver kommune. Innspela gjeld primært:

**Vegløysing:** Vi er opptatt av trygge vegløysingar for mjuke traffikantar, oppgradering av lokalvegar i trafikkfarleg og dårlig hald. I tillegg kjem vi med innspel kring forslag om ny lokalveg mellom Knarvik og Frekhaug, over Flatøy. **Natur og friluftsliv:** Med fokus på natur og friluftsliv kjem vi med innspel til kyststi, som vart introdusert i plan for Midtmarka. Vi foreslår alternativ trase og å knytte denne til vegnettet på Håøy.

**Sjøområde, primært Flatøyosen:** Vi meiner at det er viktig å ivareta Flatøyosen med tanke på friluftsliv, då området er flittig brukt, både i organisert aktivitet og av private. Betre hamneforhold på Håøy vil gjøre området meir attraktivt for båtfolk. Vassmiljø på Flatøyosen er dårlig og ein må ikkje godkjenne tiltak som svekker miljøtilstanden **Heilskapleg plan for Flatøy:** Det er mange reguleringsplanar knytt til Flatøy. Planane er lite koordinerte, medan delar av Flatøy manglar reguleringsplan.

Flatøy Bygdelag ynskjer dialog med Alver kommune med hensikt å få ein betre samanheng i desse planane.

### MEDLEMSKAP I FLATØY BYGDELAG

MEDLEMSKONTIGENT  
ER KR 300 PR HUSSTAND OG KR 150 FOR  
ENKELTMEDLEM.

BETALE DIREKTE TIL KONTONUMMER  
3632.07.03128

HUGS Å SKRIVE NAMN I MERKNADSFELTET.

**STYRET  
YNKJER ALLE EIN  
FLOTT HAUST.**